

Høyringssvar frå: Hognestad FAU

Alternativ	Kart	Alternativ krinsgrenser	Kommentarar og innspel
1	3	Uendra skulekrinser for Bryne skule, Rosseland skule og Hognestad skule	FAU ved Hognestad skule ynskjer ikkje dette alternativet.
2	4	Grunnkrets Stemmen til Hognestad skule	<p>Hognestad FAU ønsker å legga fram eit nytt forslag til erstatning for dette alternativ 2 i denne høyringa, med Brøytvegen som det naturleg skilje mellom Hognestadkrinsen og Bryneskulane.</p> <p>Me legg mykje større vekt på kva som blir ei god løysing for alle elevar og foreldre, og mykje mindre på om det eventuelt betyr marginalt ekstra administrativt arbeid å oppdatera grunnkretsane.</p> <p>Nytt Alternativ 2 til politisk behandling blir då:</p> <p>Vestre og Austre ring blir gjort om til ein eigen grunnkrets. Delen av oppdatert Stemmen grunnkrets (frå kart i høyringa) som ligg sør for Brøytvegen blir fortrinnsvis eigen grunnkrets (Stemmen og Stemmenmarka grunnkrets), eller sekundært lagt inn under Hognestad grunnkrets, om administrativt enklare. Delen sør for Brøytvegen inngår i Hognestad skulekrins.</p> <p>For område nord for Brøytvegen tas det stilling til to underpunkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Elevar frå Vestre og Austre ring til Bryne skule (som før).</li> <li>b) Elevar frå Vestre og Austre ring til Rosseland skule.</li> </ul>

For bustader i grunnkrets «Ree-Håland» har adressene Hognestadvegen 95 – 131 kortare og tryggare skuleveg til Hognestad skule, og husstandane med adresse Jærvegen 122 – 136 har hatt sine ungar på Hognestad skule. Me ber difor om at desse no også formelt blir del av Hognestad skulekrins. Enten ved berre å ta dei inn i skulekrinsen, eller ved oppdatering av grunnkrets slik at dei kjem inn i Hognestad grunnkrets.

Samla vil dette alternativet bety at dagens Hognestadkrins får ei auke i bueiningar på om lag 70 stk., til omlag 300 totalt.

Opp mot til føringane (kulepunkt 1 til 4), som Fagstab vurderer alternativa mot, så vil Hognestad FAU sitt justerte alternativ 2 levele på alle punkt, tilsvarende alternativ 1 frå Fagstab. Justert alternativ 2 vil då også dominere alternativ 1 ved å levele enda betre på mål om å frigjere kapasitet i Bryne sentrum (som har størst utbygging i kommunen).

Stemmen og Stemmenmarka er berre eit par hundre meter nærmare Bryne skule enn Hognestad skule, og tilfredsstiller kulepunkt 2 ( i langt større grad t.d. enn kva som er tilfelle med skulekringsgrensene mellom Rosseland og Lye, og mellom Bryne og Rosseland).

For kulepunkt 3 så har Stemmenmarka (Olavegen) over to kilometer avstand både til Bryne skule og Hognestad, som gir rett til skuleskyss kun i 1. klasse. At nokre få elevar, i åra som kjem, med adresse Stemmen også vil få rett på skyss i 1. klasse har minimal betydning, desse vil uansett berre følgje same skyss som ungane frå Stemmenmarka. For alle elevar er det trygg skuleveg.

Hognestad FAU sitt forslag leverer difor sidestilt med Fagstab sitt alternativ 1 for alle elevar i Stemmen grunnkrets på dette kulepunkt også.

*Meir utfyllande argumentasjon for kva konsekvensar også sjølve overgangen til faste kringsgrenser har for område Bryne/Rosseland/Hognestad, og kva vurderingar Hognestad FAU bygger sine alternativ på har me inkludert i vårt høyringssvar i eige avsnitt under sjølve dette skjema.*

			<i>Tekst under skjema, med overskrift «<b>Hognestad FAU sitt grunnlag for å utvide krinsgrensa for Hognestad skule</b>» er altså også del av vårt høyringssvar for innføring av faste krinsgrenser.</i>
3	5	Grunnkrets Stemmen til Rosseland skule	Hognestad FAU tenker at for at dette skal være eit alternativ så må Rosseland skule både ha fysisk kapasitet i gode og godkjente skulebygg, ha ein forsvarleg trafikksituasjon, samt god pedagogisk dekning til å ta imot fleire elevar. Ein må altså lytta til kva Utdanningsforbund og FAU/SU ved Rosseland og Bryne skule gir uttrykk for, før ein eventuelt vurderer fleire elevar til Rosseland skule.
4	7	Heile Norheim grunnkrets til Vardheia ungdomsskule	Hognestad FAU tenker at her må det også være ein del av vurderinga om ein ynskjer å dele Norheim Grunnkrets i to. Dette er en stor grunnkrets, og det er eit naturlig skilje frå Ungdomsskogen og ned mot Kong Haakons veg (mellom Tytebærholen og Vinkelvegen). Dette vil gje betre fleksibilitet framover for å fordele ungdomskuleelevar mellom Bryne skule og Vardheia, noko som kan bli særskilt aktuelt når det kjem stadig fleire bustader vest for Bryne sentrum. Vekst i elevtal frå Klepp, i område som soknar til Vardheia, kan også påverke kapasitetsbehova på denne skulen.  At ein får to grunnkrinsar gir ingen føringar i kor elevane frå Norheim grunnkrets skal gå på skule frå neste år av, men gir auka handlingsrom. Fordeling av elevar til Bryne U. eller Vardheia bør bli den løysinga som totalt er best; for god utnytting av bygg og lærarkapasitetar, og for fornuftig samling/splitting av elevar som kjem frå Rosseland skule.

	<b>Alternativ overgang til faste skulekrinsar frå skuleåret 2025-2026</b>	<b>Kommentarar og innspel</b>
--	---	-------------------------------

1	<p>Elevane som har fått innvilga anna skule enn nærskulen etter rettleiande kringsgrenser, og elevar på komande 7. trinn fullfører på skulen dei går på. Resten av elevane skal gå på den skulen dei soknar til.</p>	<p>Hognestad FAU støttar delar av alternativ 1 (i form av at det er klart å føretrekke over alternativ 3), men me fremmar forslag om at ordlyden også her bør oppdaterast eller koma inn som eit fjerde alternativ med dette innhald:</p> <p>Ved overgang til faste kringsgrenser vil desse punkt være gjeldande:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. For elevar frå 1.-6. trinn som har fått innvilga anna skule enn nærskulen etter rettleiande kringsgrenser eller som har kome i ny skulekrins grunna endringar i desse, så kan føresette velje om dei skal gå på noverande eller ny skule, moglegheita til å byte <b>til</b> ny skule gjeld og framover for kvart nytt skuleår. Sysken av desse elevane kan foreldre tilsvarende velje kva skule skal starte på, og også seinare velje å byte <b>til</b> skule dei soknar til ved nytt skuleår (slik at foreldre alltid kan halde sysken på same skulen, med unntak av punkt 2. under).</li> <li>2. Elevar som i skuleår 2025/2026 er på 7. trinn fullfører på skulen dei går på. Sysken av desse har ingen spesielle rettar, med unntak i om sysken sjølve kjem inn under punkt 1.</li> <li>3. Elevar som går på annan skule enn dei soknar til når dei skal gå ut av 7. klasse, også i åra som kjem, har og rett til å velje mellom å følgje sin klasse til relevant ungdomskule eller starte på ungdomskule dei sjølve då soknar til. Elevar som både soknar til Bryne eller Rosseland barneskule og også har gått på ein av dei skulane, skal starte på ungdomskule i samsvar med kringsgrenser for Bryne U. og Vardheia (sidan elevar her blir blanda uansett).</li> <li>4. Elevar frå 1. til 6. trinn som ikkje får utvida rettigheter under punkt 1., skal gå på den barneskulen dei soknar til.</li> </ol> <p>Hognestad FAU vurderer det slik at desse punkt minimerer negative konsekvensar av faste kringsgrenser som no blir gjeldande frå skuleår 2025/2026, for alle elevar uavhengig av om krins dei høyrer til er endra eller ikkje. Og at punkta dekker viktige eventualitetar også utan endring i kringsgrenser. Det vil være relativt få desse rettane til å velje vil bli gitt til, men utan desse kan enkeltelevar risikere å ufrivillig hamne åleine i elles heilt ukjente elevgrupper.</p>
---	--	---

		<p>Desse reglane er berre regulerande for elevar og overgangar mellom dei offentlege skulane, byte til privatskular vil følgje eigne føresetnader, det vil også rettane til elevar som har fått eller får innvilga byta av skule etter lovkrav.</p> <p>Dersom det er utfall me ikkje har tenkt over, som kan slå negativt ut for enkeltelevar, så bør punkt oppdaterast slik at også dette blir dekka. Dersom kommunen også nyttar skjønn for eventuelle uheldige konsekvensar for enkeltelevar som har fått innvilga annan skule enn nærskulen, så vil det også være ei sikring for desse elevane.</p>
2	Elevar på komande 9. og 10. trinn på Bryne ungdomsskule og i Vardheia ungdomsskule fullfører på skulen dei går på. Komande 8. trinn skal byrja på den skulen dei soknar til etter nye faste skulekrinsar.	<p>For ungdomsskulen ser Hognestad FAU dette som eit ganske godt dekkande alternativ, men med det unntaket som me har spesifisert for barneskulane som punkt 3; for elevar som når dei går ut av 7. klasse går på anna skule enn den dei soknar til.</p> <p>Punktet kan heller ikkje berre omtale Bryneskulane, det kan og være elevar i dag som går på eller soknar til andre skular dette får konsekvensar for.</p> <p><i>(Til dømes for elevar frå Lye skulekrins som under rettleiande kringsgrenser har søkt seg til Bryneskulane og som kanskje også bur nærmere Bryne/Rosseland, som da utan revidering skal til Lye ungdomsskule og med det bli separert frå alle klassekameratar frå barneskulen)</i></p> <p>Nytt forslag til tekst blir her da:</p> <p>Elevar på komande 9. og 10. trinn i Time Kommune fullfører på skulen dei går på. Komande 8. trinn skal byrja på den skulen dei soknar til etter nye faste skulekrinsar, med unntak av elevar som under retningslinjer for barneskulane i punkt 3 har fått utvida rett til å kunne følgje sin klasse også til ungdomskulen. Dette unntaket er relevant og i komande år.</p>
3	Alle elevane uavhengig av trinn startar på den skulen dei soknar til etter nye faste skulekrinsar.	Hognestad FAU støttar ikkje Alternativ 3.

*Supplerande høyringssvar frå Hognestad FAU:*

## Hognestad FAU sitt grunnlag for å utvide krinsgrensa for Hognestad skule

**Kort summert** ynskjer Hognestad FAU at alle elevar i Time skal få ein god og mjuk overgang til faste krinsgrenser. Det har vore tradisjon for at elevar i **Stemmen sør for Brøytvegen** har søkt seg til Hognestad skule og me spelar inn at feltet no bør innlemmast i Hognestad skulekrins, og eventuelt også vert sin eigen grunnkrets. Bustader nord for Brøytvegen tykkjer me ikkje det høver å leggja til Hognestad skulekrins. Me trur forslaget vår der Hognestad skule held fram med å bidra som den tredje barneskulen i Bryneområdet gjev ein meir robust skulestruktur – ein god skule for born, foreldre og lærarar.

### **Kva tankar bygg så me i Hognestad FAU forslaget vårt på**

I høyringane til skulebruksplanen 2024-2032 var vårt innspel at me ikkje ynskjer faste krinsgrenser, men me vart ikkje høyrde på det og det vart heller ikkje svara ut på spørsmåla me stilte. Argumentasjonen vår var at utfordringane med rettleiande krinsgrenser verka å gjelde mellom Bryne ungdomskule og Vardheia ungdomskule, og at dette difor burde få ei lokal løysing. Me klarte ikkje sjå at det var argument i kommunen sitt saksframlegg som gav behov for å innføre faste krinsgrenser for heile kommunen, og særleg ikkje for barneskulane.

No er faste krinsgrenser vedteke og me foreldre frå Hognestad har ikkje anna val enn å forhalda oss til det slik som alle andre. Ein konsekvens av dette er at familiar i ransoner rundt Hognestad ikkje lengre vil kunne velgje å ha ungane sine på Hognestad skule som før og det er det me vil bøte på med vårt endra Alternativ 2.


Under hevar me blikket på heile skulesituasjonen for området Bryne, Rosseland og Hognestad:

- Dagens tre barneskular har me hatt sidan Rosseland skule vart starta opp i 1979 (då mykje mindre enn nå). Dei tre offentlege skulane utfyller kvarandre godt geografisk, og med to store og ein mindre skule har det vore eit variert tilbod. Noko av denne fleksibiliteten vil halda fram med å gje verdi også ved faste krinsgrenser, men då mest for elevar som ikkje finn seg til rette på «sin» skule. I tillegg er det ein privat grunnskule på Rosseland; Jærtun, som starta opp med 11 elevar i 2001, men har nå 110 elevar fordelt på 1.-10. trinn. Elevane på denne skulen kjem både frå Bryneområdet, elles i Time og andre kommunar.
- Det har vore stor vekst i befolkninga og barnetalet i Time kommune. Me har nå i 2024 fått Timebu nummer 20 000. Dette har betydd at alle tre skular har utnytta kapasiteten sin siste tiår. Rosseland har hatt og har framleis fleire elevar enn kva skulen er bygd for, og har i lang tid nytta midlertidige lokale.

- Det at det vert fleire eldre i Time Kommune, som og er ein ressurs så lenge dei held seg friske, betyr ikkje at det på sikt vert færre born. Tvert om er det fleire unge (under 20 år), og då særleg ungdommar, i kommunen enn nokon gong. Desse og nye Timebuar ynskjer me at skal finna gode oppvekstmiljø i kommunen, til seg og sine komande familiarar.
- Av ungar i offentleg grunnskule er det i høyringa talt opp **1039 elevar i området Bryne/Rosseland/Hognestad for skulestart 2025**, og prognostisert 979 elevar i 2032. Dette er usikre tal også på kort sikt, grunna til- og fråflytting. Ut i tid er det helst for tipping å rekne.
- Som SU ved Rosseland, og Utdanningsforbundet både ved Rosseland og Time påpeika i høyringa for skulebruksplanen, så har ikkje Rosseland skule den kapasiteten den er oppgitt med som baseskule på 525 elevar, og kan då **ikkje** ha 75 elevar per trinn. Eit optimistisk anslag er at skulen maksimalt kan ha 490 elevar, med same nedjustering som er gjort på Bryne skule (som står med 490 elevar i dag). Hognestad skule har maksimalt plass til 100 elevar, **samla maksapasitet i området er då 1080 elevar ved optimal fordeling.**
- Så meiner me i FAU at å fylle ein skule til randen er därleg skulepolitikk, og mot dagens ynskje om å vri barneskulen mot meir leik og praktisk skule, og med individuell tilpassing for enkeltelevar innanfor ordinær undervisning. For å kunne levera på dette må skulane ha tilgang på nok areal. Om læringsmiljøet ikkje er godt blir det stor utskifting av lærarar, og i dagens rekrutteringssituasjon er det uråd å finna gode erstattarar. Kommunar som ikkje evner å ha attraktive skular, for lærarar med ulike preferansar, kan bli taparane i denne «kampen» om lærarane.
- Ein fornuftig tilnærming tenker me er at skulane ikkje bør nyttast på meir enn rundt 90% kapasitet, som gir **450 + 450 + 90 = 990 gode elevplassar** på Bryne, Rosseland og Hognestad skule samla. 450 elevar betyr i snitt 65 elevar per trinn; med meir enn det blir det større utfordring for elevane og lærarane på same trinn å verta godt kjende og sjå kvar enkelt elev.
- Me tenker òg at med Time kommune sin økonomi og kor dyrt det er å byggja nye skular i dag, der til dømes både Vardheia Ungdomskule og nye Kleppevarden skule har kosta opp mot ein million per elevplass, så er det mykje å tene på å klare seg med dei skulane ein har. Ein kan då helst bruke kommunen sine eigne ansatte til å vedlikehalda desse bygga, samt ha god kontroll på pengebrukten.
- For samfunnet er avkastninga på god ordinær skulegang høgare enn mest alt anna. Svikter derimot opplæringa på dei yngste så blir det ressurskrevjande brannsløkking på eldre elevar, og unge som fell utanfor samfunnet gir økonomisk tap på mange millionar for kvar einskild.

## Kva justering er så fornuftig å ta ved innføring av faste krinsgrenser for å avlaste Bryne/Rosseland

Kart under viser foreslått endring i grunnkrins og skulekrinsane, forklaring til kartet kjem punktvis under




- For å behalda god geografisk dekning, der flest mogleg av elevane har under 2 km avstand til ein skule med tilstrekkeleg kapasitet, så treng me tre skular å fordele elevane ut på. Utan dette får mange elevar så lang avstand at det er nødvendig med transport heile skuleløpet.
- Utan tre skular blir ein stor byrde også lagt på dei foreldre som må hente og køyre ungane sine. Ein må ikkje gløyme at ungar i dag også går på SFO og får gratis kjernetid, men det gir ingen rett på transport. Færre ungar som må skyssast frå utkanten av Bryne og inn mot dei to store sentrumsskulane og Jærtun, gjev betre og tryggare skuleveg sentralt. Ein må også ha med seg at Rosseland er stengt for bilar mot sør, og ein må heilt rundt på Arne Garborgs veg enten via 1900-krysset eller via Bryne sentrum. Sjølv berre frå utkøyring Auglendsvegen og til Rosseland skule gjev Gule sider over 4,1 kilometer og 8 minuttar køyring, kvar veg; om det ikkje er travelt i Kong Haakons veg.
- Området som ligg mellom alle tre skulane er det som frå SSB er kalla Stemmen Grunnkrets. Denne består i dag av Vestre og Austre ring på nordsida av Brøytvegen, og av bustadane som har adresse Stemmen og det nye bustadfeltet som blir kalla Stemmenmarka (med adresse Olaveien) på sørsida.
- Hognestad FAU tykkjer det gjev lite mening å innlemme Vestre og Austre ring i Hognestad skulekrins; her blir ulempa ved lengre skuleveg relevant og vegnett/utkøyring går mot Bryne. Inkluderer ein dette området blir det og så mange elevar at Hognestad skule med dagens kapasitet ikkje vil ha plass til andre nye familiar som buset seg i dagens Hognestadkrins, særleg ved ynskja fortetting rundt skulen.
- Området sør for Brøytvegen derimot har elevar allereie som går på Hognestad, og det er omrent likeverdig å bevege seg mot Hognestad skule eller mot Bryne. Med litt kortare veg som mjuk trafikant til Bryne, men raskare veg til Hognestad ved køyring (tre minutt langs Hognestadvegen). Elevar frå dette område har det godt på Hognestad skule, og Stemmenmarka sitt fortrinn er den korte vegen til landlege område sørover mot Hognestad. [Stemmenmarka - Et landskap av bomuligheter](#)
- Me legg ikkje opp til at elevar som har starta på skule og deira sysken må byte skule. Men det er i år og åra framover at bustadane i Stemmenmarka blir klare til innflytting, så ein kan likevel forvente mange nye 1. klasseelevar herifrå snart, men altså berre rundt halvparten av det fagstab føreslår flytta til Hognestad skule. Mot slutten av perioden kan forynginga også av «gamle» Stemmen auke på, og ein oppnår då enda større gevinst.

**Me har difor eit anna forslag rundt Grunnkrets Stemmen enn det fagstab har som alternativ i høyringa:**

Der Alternativ 2 i saksdokumentet bør endrast til kva som er **skreve inn i skjema for høyringa over som ei erstatning av Alternativ 2 frå Fagstab.**

Alternativ 3 frå høyringa kan då vera som før og betyr flytting av alle elevane frå ein utvida Stemmen grunnkrets til Rosseland skule.

Hognestad FAU er altså einig med Fagstab at Stemmen grunnkrins treng endring, men at denne endringa også må ha i seg deling av område ved Brøytvegen



Frå høyring: Kart 2 Endring av Stemmen grunnkrets

## Kva er det ved Hognestad skule som gir verdi for heile område

Me har alle no i haust sett eit nytt «Mirakel på Bryne»; nok eit døme på kva ein får til om ein berre trur på det ein held på med. Me foreldre opplever det same når me går med ungane våre til Hognestad skule, **ein plass der ein høyrer til og har felles mål.**

Me har og sett at **eit Bryne FK med traktor**, er mykje sterkare enn eit utan, og me trur opplæringa her og står sterkare med vår skule på laget. Skulen på Hognestad har vore på same plass sidan 1893, og dagens hovudbygg er frå 1933. Det er så langt tilbake i historia at skulen var okkupert av tyskarane under krigen. Dei måtte leve skulen tilbake i 1945, og **i 2033 blir hovudbygget hundre år**. Me er trygge på at dette er ein historie som bør få utvikla seg vidare.

Skulen vår har no i 2024 nøgde elevar, foreldre og ansatte. For skuleåret er det sju årsverk (på hovudsakleg 7 lærarar) som gir god og individuell opplæring til 65 elevar, og saman med rektor betyr dette trygge rammer på skulen, med positive ringverknader for bygda. Dette er **effektiv bruk av ressursar** i ein kommune som set av 805 millionar til Oppvekst i 2025, og planlegg med 653,2 årsverk. Med fleire elevar blir verdien av Hognestad skule enda større.

Hognestad skule gir også Time Kommune ein fordel opp mot å kunna **rekruttera nok pedagogar og andre fagarbeidrarar inn i Timeskulen**. Men sin gode lokasjon nærmere Hå og med godt vegnett i alle retningar er Hognestad mykje meir tilgjengeleg for mange lærarar sørover enn dei andre skulane i Time. At skulen også er mindre og meir oversikteleg enn mange andre skular, kan og vere eit avgjerande punkt for å klare å招勸tra aktive ansatte.

Ein moderat justering av kringsgrensa og fortetting rundt skulen kan legge til rette for den **nye generasjonen med nye familiar**. Som kartet viser, er Hognestadkrinsen om lag ti gonger så stor som heile bustadområde på Rosseland, så me har eigentleg god plass til det me vil få til.

**Ein vital Hognestad skule** er og viktig for **Haugland gardsbarnehage og Hognestad Idrettslag**, og for det rike bygdelivet i krinsen.

God utnytting av Hognestad skule og bustadpotensiale i krinsen er ikkje mindre enn eit «**Kindereggs** for Time kommune; utnytting av eksisterande infrastruktur, gode heimar for nye familiar og **ei levande jærsk bygd**.